



# Statens vegvesen

**Jobbnorge-ID:** 273800

**Søknadsfrist:** 31.01.2025

**Nettside:** <https://www.vegvesen.no/om-oss/jobb/>

**Omfang:** Heiltid

**Varighet:** Fast

Kontrollingeniør for driftskontrakt 9304 Bergen

## Kontrollingeniør

### Om stillinga

Vi ønsker å styrke kontraktgruppa til vegdrift Bergen, og vi er derfor på jakt etter ein ekstra kontrollingeniør som kan passe inn i gruppa vår. Du vil jobbe i Drift og Vedlikehald vest, seksjon drift 1, og ha kontor plass i Bergen.

### Arbeidsoppgåver

Som kontrollingeniør for driftskontrakt Bergen bistår du byggeleiar med å følgje opp vegkontrakten 9304. Driftskontrakt 9304 Bergen dekkjer vegdrift av europa- og riksvegane mellom Halhjem-Opedal, Sotra-Voss og ut til Flesland.

Kontrollingeniør har ansvar for å planleggje og gjennomføre kontroll av leveranse, medverke i byggjemøte og andre møte, ha dialog med entreprenør, samt bistå med å koordinere arbeid med andre faggrupper, seksjonar og etatar.

Du vil arbeide tett saman med seksjonsleiar, prosjektleiarar, hovudbyggeleiar, teknisk byggeleiar tunnel, og fleire kontrollingeniørar på kontrakten. Du vil også vere jamleg i kontakt med øvrige i vegvesenet, entreprenørar, offentlege etatar, grunneigarar, media, og andre som blir påverka av driftsoppgåvene.

### Dei mest sentrale arbeidsoppgåvene vil vere:

- Følgje opp og kontrollere entreprenørane sine arbeid inne og ute
- Medverke i byggjemøte
- Oppfølging av HMS/SHA ute på arbeidsstadene
- Planlegging, iverksetjing og oppfølging av drift- og vedlikehaldsoppgåver
- Behandle tekniske avklaringar, avvik, tillegg og endringar
- Bidra i overlevering av nye anlegg til drift
- Bidra i utarbeiding av nye kontraktar

Det må påreknast noko reiseverksemd ut frå base Bergen, og noko arbeid utover normal arbeidstid, avhengig av sesong og fokusområde på kontroll. Deltaking i byggherrevakt etter ei erfaringsperiode.

### Kompetansekrav

Du må ha treårig relevant utdanning frå høgskule. For kandidatlar med sterk og allsidig praksis, eventuell etterutdanning og gode personlege føresetnader for stillinga, kan utdanningskravet fråvikast.

Du må ha førarkort klasse B.

Dersom du har teke heile eller delar av utdanninga di i utlandet, anbefalar vi ei autorisert omsetjing av dine papir og godkjenning frå NOKUT ([www.nokut.no](http://www.nokut.no)).

I samband med planlegging og oppfølging av arbeida blir Statens vegvesen sine dataverktøy nytta, så du må vere komfortabel med å jobbe med data, og meistre Office-program, samt meistre elektronisk verktøy for oppfølging og rapportering.

Du må kunne kommunisere godt både skriftleg og munnleg på norsk.

Det er ønskeleg med kunnskap og erfaring frå byggeleiar eller anleggsleiar innan drift. Det vil bli vektlagt at du har kunnskap om lover, forskrifter og regelverk innan fagområdet, samt kjennskap til vegnettet i kontraktområdet.

### Personlege eigenskapar som vil bli vektlagt:

- Du må kunne arbeide strukturert og sjølvstendig
- Du må ha evne til å ta initiativ og vere resultatorientert
- Du har gode samarbeidsevner og kan bidra til eit godt arbeidsmiljø

### Kvifor skal du velja oss?

Som tilsett i Statens vegvesen blir du ein del av eit solid og kunnskapsdelande fagmiljø. Du påverkar samfunnsutviklinga og får bidra til framtidens løysingar på ditt fagfelt. Vi gir deg ansvarsfulle oppgåver og du vil få utvikle deg, både fagleg og personleg, i takt med nye utfordringar i samfunnet. Vi tek godt i mot deg, og du blir ein del av eit fellesskap med godt arbeidsmiljø i heile landet.

Vi tilbyr deg også desse goda:

- fleksitid og gode ordningar for å avspasere
- god pensjonsordning og moglegheiter for lån i Statens pensjonskasse
- moglegheit for trening i arbeidstida eller støtte til treningsaktivitet
- gode moglegheiter for fagleg påfyll

Lønn blir avtalt i samsvar med lønnspolitikken vår.

### Krav til søknaden

Fyll ut felta "Utdanning" og "Arbeidserfaring" og last opp relevante vitnemål og eventuelle attestar.

### Positiv særbehandling

Statens vegvesen verdset mangfald og ønskjer ein inkluderande arbeidsplass. Me oppmodar alle kvalifiserte kandidatar til å søkja. Kvalifiserte søkjarar med funksjonsnedsetjing, hol i CV-en eller innvandrarakgrunn vil få moglegheit for positiv særbehandling. Les meir om positiv særbehandling på arbeidsgivarportalen.

### Søklarlista er offentleg

Dersom du ynskjer å reservere deg frå oppføring på offentleg søklarliste, må dette grunngjevast. Viss vi ikkje kan ta ynsket ditt til følgje, tek vi kontakt med deg.

### Har du spørsmål om stillinga?

Ta kontakt med seksjonsleiar Ole Endal Svåsand, ole.endal.svasand@vegvesen.no, telefon 47701924.

## Om Statens vegvesen

Statens vegvesen fører an i utviklinga av eit framtidens, effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem. Vi byggjer, driftar og held ved like riksvegane i landet, og vi tar vare på heilskapen gjennom det nasjonale ansvaret vårt for beredskap på veg, og ved utvikling av eit tydeleg regelverk og standardar for alle. Gjennom arbeid og tilsyn med trafikantar og køyretøy, ny teknologi og utvikling av digitale tenester sikrar vi trafikantane og næringslivet ein tryggare, enklare og grønare reisekvardag.

Verksemda vår er organisert gjennom Vegdirektoratet og seks divisjonar.

Noko av det viktigaste vi gjer for samfunnet og miljøet er å ta vare på det vegnettet vi allereie har. I [divisjon Drift og vedlikehold](#) har vi ansvaret for heilårsdrift av riksvegane, inkludert ferjer. Vi vedlikeheld og utviklar vegnettet, og planlegg og gjennomfører utbetningsprosjekt. Drift og vedlikehald har rundt 880 medarbeidar over heile landet, og ein årleg omsetnad på om lag 16 milliardar kroner.

## Tilleggsinformasjon

### Kontaktperson:

Ole Endal Svåsand, Seksjonssjef  
Telefon: +4747701924 | E-post:

### Arbeidsstad:

Nygårdsgaten 112 5008 Bergen (Bergen Kommune)